




ÅRSRAPPORT 2017

Møre bispedømeråd • Møre biskop



INNHALD

DEL 1 – LEIARVURDERING	3
1.1 Overordna vurdering av måloppnåinga	3
1.2 Dei viktigaste prioriteringane i 2017	3
1.3 Om ressursutnyttinga	3
DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	5
2.1. Overordna mål	5
2.3 Nøkkeltal	6
DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	7
Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	8
3.1 Gudstenesteliv	9
3.2 Dåp og trusopplæring	12
3.3 Kyrkje og samfunn	13
3.4 Rekruttering og frivilligheit	16
3.5 Biskopens verksemd	20
DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	22
4.1 Sjukefråvær	22
4.2 Likestilling	22
DEL 5 – VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	25
DEL 6 – ÅRSREKNESKAPEN	27
6.1 Leiinga sine kommentarar	27
6.2 Prinsippnote	29

*Framsida: Lutherrosa. Detalj frå bispekåpa i Molde domkirke.
Foto: Sjur Fedje*

DEL 1 – LEIARVURDERING

1.1 Overordna vurdering av måloppnåing

Møre bispedøme har, saman med Den norske kyrkja, ein visjon om «Meir himmel på jord» og at «Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus ved å vere Bekjennande, Open, Tenande og Misjonerande»

Vi vurderer at Møre bispedøme bidrar til god måloppnåing på fleire område, men vi vurderer også at vi ikkje fullt ut kan svare positivt på målsettinga om ei landsdekkande kyrkje.

For 2017 blir det totale gudstenestetilbodet oppretthalde. Det er ei mindre forskyving av gudstenester frå søn- og helgedagar til kvardagar. Dette er ei ønskt utvikling. Vi ser at talet på gudstenestedeltakar går ned. Tidlegare var årsaka til dette at gudstenestetallet gjekk ned. For 2017 er endringa i hovudsak knytt til at færre i snitt går til gudsteneste. Gudstenestefrekvensen er i snitt framleis i underkant av 50% og går ned.

Vi vurderer at kyrkja i Møre framleis er viktig i møte med livsritene. Vårt inntrykk er at dei fleste vel kyrkjeleg gravferd, også om dei ikkje er medlemmer. Nedgangen i tal vigslar stoppa opp i 2017, og vi ser ein svak auke.

Vi ser positive trekk i høve til deltaking på trusopplæringstiltaka, også konfirmasjon, men delen medlemmer som vel å bli døypt går ned.

Vi ser ei positiv utvikling i faktorar knytte til «Ei folkekyrkje som engasjerer seg i samfunnet».

Det er auke i kyrkjelydar som har plan for diakoni, som vel å vere grøn kyrkjelyd og som har misjonsavtalar. Det er også auka tilgjenge på nettbaserte løysingar.

Tal vigslingar til kyrkjeleg teneste er uforandra, men vi ser auke i talet på engasjerte i frivillig teneste.

1.2 Dei viktigaste prioriteringane i 2017 har vore

- Oppslutning om dåp gjennom eige dåpsprosjekt
- Gudsteneste, kyrkjemusikk og kultur
- Klima og miljø
- Ungdomsarbeid og ungdomsdemokrati
- God personalpolitikk og rekruttering til teneste
- Markering av Reformasjonsåret 2017 med salmar, kultursamarbeid og gudstenester.
- Implementering av verksemdsoverdraginga frå Staten til Den norske kyrkja.

1.3 Om ressursutnyttinga

60 % av ressursane som bispedømerådet forvaltar er driftsmidlar. 87 % av driftsmidlane går til løn til 84,6 fast tilsette – prestar og tilsette ved bispedømekontoret. 85 % av driftsmidlane går til verksemdsområdet presteneste, 15 % av driftsmidlane går til administrasjon/ bispedømekontoret.

Møre bispedøme var for 2017 tildelt kr 75,4 mill. (ikkje medrekna pensjon). Midlane er nytta til 84,6 årsverk, der presteteneste utgjer 70,8 årsverk. I tillegg forvaltar Møre bispedøme kr 29 mill. i tilskotsmidlar. 19 mill. går til tilskot til trusopplæring i kyrkjelydane og 9,8 mill. går som tilskot til 15 stillingar innan diakoni og 11 stillingar innanfor undervisning i kyrkjelydane.


Den samla ressursbruken vart halden innanfor tildelt løyving. Rekneskapen viste i 2017 eit akkumulert mindreforbruk på kroner 1,3 mil. Mindreforbruket vil bli søkt overført til 2018.

I Møre bispedøme er det 97 sokn og variasjonane mellom sokna er store, både geografisk og demografisk. I fordeling av ressursar er det ein føresetnad at like tilhøve blir vurderte likt. Med dei store variasjonane i bispedømet, er det ei utfordring å vurdere faktorar for ressurstildeling objektivt og rett. Avgjerd om fordeling av ressursar i bispedømet blir gjort av bispedømerådet.

Molde, 26. februar 2018



Ingeborg Midttømme
biskop



Ann-Kristin Sørvik
leiar

DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Møre bispedøme er i geografi samanfallande med Møre og Romsdal fylke. Møre biskop og Møre bispedømeråd er frå 1/1-17 del av rettssubjektet Den norske kyrkja og er på nærare bestemte område også underlagt Kyrkjemøtet. På lokalt nivå er soknet rettssubjekt, representert ved sokneråd og kyrkjeleg fellestråd.

Møre bispedøme er eitt av Den norske kyrkja sine 11 bispedøme. Bispedømet vart oppretta i 1983, og er det yngste bispedømet i Noreg. Det vart til ved ei deling av bispedøma Nidaros og Bjørgvin. Bispedømerådet i Møre har 10 medlemmer, som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet. Møre bispedøme er delt inn i 7 prosti, 32 fellestråd og 97 sokn

Møre biskop og Møre bispedømeråd er kvar for seg formelle kyrkjelege organ, med felles administrasjon lokalisert i Molde og med stiftsdirektøren som dagleg leiar.

Bispedømerådet skal ha merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet gitt arbeidsgjevvarmynde for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette i bispedømet.

2.1 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet, strategiplan 2015 - 2018 og årsplanen for Møre bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

1. Utvalde volumtal

Volumtal for gudstenester og kyrkjelege handlingar

Volumtal for bispedømet	2017	2016	2015	2014	2013
Tal døypte	1905	1872	2 175	2 203	2 339
Tal konfirmerte	2502	2 688	2 738	2 882	2 723
Tal kyrkjelege vigslar	423	414	479	459	477
Tal kyrkjelege gravferder	2115	2 234	2 201	2 208	2 229
Tal gudstenester totalt	3766	3 765	3 668	3 818	3 862
Samla tal gudstenestedeltakarar	372348	389 333	388 863	404 577	410 665

2. Nøkkeltal pr. prosti

Kyrkjemedlemmer og innbyggjarar fordelt på prostia 2015 - 2017

Prosti	Med- lemer 2017	Med- lemer 2016	Med- lemer 2015	Diff. medl. 2016- 2017	Diff. medl. 2015- 2016	Tal Innbyg- garar 2017	Tal innbyg- garar 2016	Tal innbyg- garar 2015	Diff. innb. 2016- 2017	Diff. innb. 2015- 2016
Molde domprosti	33604	34565	34846	-961	-281	43554	43441	43325	113	116
Søre Sunnmøre	38298	38872	39202	-574	-330	48379	48188	48120	191	68
Austre Sunnmøre	17309	17762	17897	-453	-135	21871	21949	21875	-78	74
Nordre Sunnmøre	55917	57208	57536	-1291	-328	74278	73694	72943	584	751
Indre Romsdal	14130	14468	14598	-338	-130	17012	17043	17073	-31	-30
Ytre Nordmøre	31112	31894	32387	-782	-493	39364	39502	39496	138	6
Indre Nordmøre	18936	19347	19537	-411	-190	22408	22457	22408	-49	49
Sum alle prosti	209306	214116	216003	-4810	-1887	266856	266274	265240	582	1034

3. Inn- og utmeldingar 2015 - 2017

Prosti	Innm. 2017	Innm. 2016	Innm. 2015	Endr. innm. 2016-2017	Endr. innm. 2015-2016	Utm. 2017	Utm. 2016	Utm. 2015	Endr. utm. 2016- 2017	Endr. utm. 2015- 2016
Molde domprosti	25	22	14	3	8	139	288	118	-149	170
Søre Sunnmøre	34	23	23	11	0	155	302	136	-147	166
Austre Sunnmøre	9	11	12	-2	-1	57	112	30	-55	82
Nordre Sunnmøre	23	33	23	-10	10	236	490	185	-254	305
Indre Romsdal	7	10	4	-3	6	43	92	43	-49	49
Ytre Nordmøre	13	22	15	-9	7	108	284	91	-176	193
Indre Nordmøre	11	10	13	1	-3	52	117	43	-65	74
Sum alle prosti	122	131	104	-9	27	790	1685	646	-895	1039

4. Nøkkeltall frå rekneskapen

Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltal for årsrekneskapen	2017	2016	2015	2014	2013
Tal årsverk	84,6	86,4	81,1	86,5	87
- av desse i presteneste	70,8	72,8	69,1	72	75
Samla tildeling post 01	*83 890 000	76 378 000	73 736 000	67 837 000	66 159 000
Utnyttingsgrad post 01	98,4%	97,1%	94,4%	97,9%	100,3%
Driftsutgifter	*83 332 000	74 172 000	69 597 000	66 428 000	66 382 000
Lønsdel av driftsutgifter	90,34%	87,6%	87,5%	88,6%	86,7%
Del løn brukt i prestenesta	87,9%	75,8%	77,8%	74,8%	74,3%
Lønsutgifter pr. årsverk	*870 712	752 194	750 551	680 486	661 531

*For 2017 inkluderer desse tala inkludert pensjonskostnad

DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Innleiing

Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Dei fire hovudmåla som Møre bispedøme har arbeidd etter går fram av statsbudsjettet vedtatt av Stortinget:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt foranka kyrkje.
- Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje.
- Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdiar

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Kyrkjerådet nærare definert resultatmål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Vi viser og til Møre bispedøme sitt visjonsdokument på siste sida av årsrapport-dokumentet.
















A - Bispedømet sin samla aktivitet i 2017. Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk.

I Møre bispedøme er det gjennomført 3766 gudstenester, 1905 dåp, 2502 konfirmasjonar, 423 vigslar og 2115 gravferder i 2017. Det er gjennomført 245 timar med trusopplæring i kyrkjelydane.

Til dette er det nytta 70,8 årsverk i presteteneste i tillegg til kyrkjelydanes egne personalressursar og 7800 frivillige. I tillegg er det brukt ressursar til kyrkjeleg administrasjon for å understøtte dei kyrkjefaglege, personalfaglege områder for kyrkjelydar og for biskop og bispedømeråd med tilsaman 13,8 årsverk, total kr 83,9 millionar. Det er gitt 18,6 millionar i tilskot til trusopplæring og 9,4 millionar i tilskot til kateket og diakonstillingar i kyrkjelydane.


Vi vil i kapitla framover gå nærare inn i måloppnåinga, men samla gi uttrykk for at vi i høve til gudstenester, gudstenestebesøk, dåp og omfanget av trusopplæring ikkje når målsettingane. For oppslutning om trusopplæringa og konfirmasjon, vigsel, kunst og kultur, grøne kyrkjelydar og misjonsengasjement når vi målsettingane. Møre når også målsettingane for frivillig teneste og rekruttering til visla stillingar blir oppretthaldt

B – Resultat og måloppnåing etter resultatmål og nøkkelindikatorar (sjå neste side)

STRATEGI	RESULTATMÅL	NØKKELENDIKATOR	2016	2017	ENDRING	
1. GUDSTJENESTELIVET BLOMSTRER	1.1 Oppslutningen om gudstjenestene øker	Gudstjenestedeltakelse: Antall deltakere søn- og helgedager Antall deltakere totalt	307 285 389 333	287 160 372 348	-20 123 -16 985	
	1.2 Gudstjenestetilbudet holdes oppe.	Gudstjenestefrekvens	49 %	49 %	0	
	1.3 Flere velger kirkelig vigsel.	Antall vigsler	419	423	4	
	1.4. Oppslutningen om kirkelig gravferd holdes oppe	Antall kirkelige gravferder	2198	2115	-73	
	1.5. Kirken gir rom for ulike kunst- og kulturuttrykk	Antall konserter og kulturarrangement i kirkene	780	804	24	
	1.6. Flere menigheter inkluderer samisk språk i gudstjenestelivet	Antall menigheter som inkluderer samisk språk i lokal gudstjenesteforordning	0	0	0	
2. FLERE SØKER DÅP OG TROSOPPLÆRING	2.1 Oppslutningen om dåp øker.	Andel døpte av tilhørende	87 %	85,60 %	-1,40 %	
	2.2 Omfanget i trosopplæringstilbudet øker.	Gjennomsnittlig timetilbud i menighetene.	329,6	245,7	- 83,9	
	2.3 Oppslutningen om trosopplærings tiltakene øker.	Deltakerandel i utvalgte, landsomfattende tiltak.	46 %	49 %	3	
	2.4 Oppslutningen om konfirmasjon holdes oppe.	Konfirmerte av døpte 15-åring.	91 %	97 %	6 %	
3. FOLKEKIRKEN ENGASJER SEG I SAMFUNNET	3.1 Flere menigheter utvikler plan for diakoni.	Andel menigheter med godkjent plan.	61,00 %	63,50 %	2,50 %	
	3.2 Flere menigheter blir Grønn menighet	Antall Grønne menigheter	9	15	6	
	3.3 Flere menigheter er engasjert for misjon	Antall menigheter med inngått misjonsavtale	69	73	4	
	3.4 Kirken blir mer tilgjengelig på Internett	Antall treff på nettsider.	-	-	-	
4. FLERE VIL JOBBE I KRK.	4.1 Rekrutteringen til vigslede stillinger styrkes.	Antall vigslinger	6	6	0	
	4.2 Flere engasjeres i frivillig tjeneste i kirka	Antall frivillige	7145	7790	645	

 = oppnådd målsetting

 = ikke oppnådd målsetting

 = uforandret

Resultat og måloppnåing 2017

3.1 Gudstenestelivet blomstrar

3.1.1 Oppslutninga om gudstenestene aukar

Talet på deltakarar på gudstenester på søn- og helgedagar har frå 2016 gått ned 6% til 287 160. Gjennomsnittleg tal deltakarar pr. gudsteneste på søn- og helgedagar er redusert med 4,09 deltakarar til 96 deltakarar. For alle gudstenester er talet på deltakarar redusert med 4%..

Hovudårsaka til nedgangen i tal deltakarar er at det blir halde færre gudstenester på søn- og helgedagar. I tidlegare år har det vore den einaste faktoren. For 2017 har det skjedd ei endring ved at også færre går til dei gudstenestene som vert haldne.

I 2017 har reformasjonsmarkeringa invitert til auka gudstenestefokus. Gjennom 4 hovudgudstenester der biskopen har teke del, og som samla mange, trur vi at fleire enn elles har teke del i gudstenesta. Og mange reformasjonsrelaterte temagudstenester i kyrkjelydane inviterte til deltaking langt utover sundagen sine kjernetroppar. Når talet på dåp i tillegg er stabilt, så gir det grunnlag for å tenkje at nedgangen i gudstenesteoppslutninga på dei vanlege sundagane er større enn statistikken gir uttrykk for.

Ei anna forklaring er at talet på konfirmasjonsgudstenester blir fleire og aukande grad blir lagt til laurdagar. Konfirmasjonen som familiefest veks, og ein registrerar at konfirmasjon blir gjennomført i færre konfirmantar i kvar gudsteneste.

For tida framover vil det bli lagt vekt på at kultur, kyrkjemusikk, diakoni, undervisning og misjon blir inkorporert. I tillegg at det skjer involvering og utvikling av medliturgar og tilrettelegging for ulike aldersgrupper – også for ungdom.

3.1.2 Gudstenestetilbodet blir halde oppe

Gudstenestefrekvens på sun- og helgedagar er på 49% - uendra frå 2016

Talet på gudstenester på sun- og helgedagar går frå 2016 ned 2% til 2981, medan totaltalet på gudstenester er uendra (3766).

Gudstenestefrekvensen i Møre er låg – også i høve til bispedømer det er naturleg å samanlikna seg med.

Møre biskop har ved fleire høve sett fokus på den låge gudstenestefrekvensen på sun- og helgedagar. Bispedømet har mange små sokn, lange avstandar og ein utfordrande geografi. Det er aukande fokus på dei utfordringane låg gudstenestefrekvens skapar. Mange landsdekkande institusjonar har teke grep for mange år tilbake og slått saman, flytta og lagt ned sitt desentraliserte tilbod. I kyrkja er soknegrenser stort sett uendra, og kyrkja er like desentralisert i dag som for 100 år sidan.

Reduksjon av talet på gudstenester på sun- og helgedagar er på fleire måtar ei styrt endring. Rekrutteringssituasjonen gjer det ved ledighet eller sjukdom er vanskelegare enn før å skaffe gode vikarar. Den økonomiske stoda i bispedømet er krevjande, og i enkelte situasjonar kan ein ofte ikkje tilby meir enn vikariat til deler av stilling eller vikar til einskildtenester. Den

smidighet og kallsforståing som tidlegare motiverte til ekstra innsats for å kome i mål, blir no sterkare regulert av arbeidstidsordningar som bind opp prestetenesta på ein ny måte. For å kunne auke talet på gudstenester lyt ein utfordre tradisjonar, både i prestetenesta og ikkje minst i kyrkjelydane. Ein kan oppretthalde talet på gudstenester jamvel auke talet, om presten nokre sundagar har fleire gudstenester. Dette er vi i dialog om.

Møre biskop har ved visitasar, i samtale med prostane og med prestane, gitt uttrykk for at det ikkje er ønskjeleg å redusere talet på forordna gudstenester. Om det er økonomiske utfordringar, reduksjon av stillingar, eller manglande tilgang på vikarar, så har biskopen, for å kompensere tap av sundagsgudstenester, utfordra til å auke talet på kvardagsgudstenester. Biskopen har gjennom prostibesøka vist til at ordninga med lekmannsgudstenester er eit godt virkemiddel for å greie å halde oppe gudstenestetilbodet. Ho har også teke til orde for å leggje t.d. institusjonsgudstenester til sundagar og rekne desse mellom dei forordna gudstenestene. Kanskje dette er noko av forklaringa på at Møre held oppe totaltalet på gudstenester.

3.1.3 Fleire vel kyrkjeleg vigsel

I Møre blei det gjennomført 423 vigslar, 4 fleire enn i 2016. Delen kyrkjeleg vigsel av totalt tal vigslar er auka til 47,8%

To endringar knytt til kyrkjeleg vigsel blei innført i Møre i 2017. Den eine var innføring av ordning for vigsle for likekjønna. Etter mange års uro i denne saka, ikkje minst innanfor kyrkjelege samanhengar i Møre bispedøme, ser vi at det ikkje er grunnlag for å hevde at talet på vigslar går ned. Bispedømet har ikkje hatt vanskar med å skaffe prest til dei som ønskjer likekjønna vigsle eller som ønskjer å vie seg etter den nye ordninga.

Ei anna sak som kan virke positivt inn på det kyrkjelege tilbodet om vigsel, er innføring av ny praksis for vigsle utanom kyrkjeshuset. Ordninga opnar for vigsle på andre stadar enn i kyrkje, og vi ser ei auke i flotte kyrkjelege vigslar utanom kyrkjeshuset! Positiv merksemd på kyrkjeleg vigsle, kan gi gode synergjar og føre til større oppslutnad på fleire områder.

3.1.4 Oppslutninga om kyrkjelege gravferder blir halde oppe

Talet på kyrkjeleg gravferd er frå 2016 redusert frå 2198 til 2115 (-3,78%)

1932 medlemmer i Møre døde i 2017. Vi har førebels ikkje tal på tal døde innbyggjarar i Møre i 2017, men tradisjonelt har det vore ei høg oppslutning om kyrkjeleg gravferd.

Vi kan difor ikkje si noko om nedgangen frå året før, men er merksame på signal om at forankring i kyrkja si gravferdsordning blir svekka. Sjølv om vi ikkje kan vise til ytre hendingar som forklarar nedgangen, ser vi at gravferdsbyråa i aukande grad er på tilbodsida med eigne tilpassa gravferdstilbod og vi kan registrere ønsket om sterkare individuelt særpreg på gravferda.

Eit moment som blei identifisert, særleg i samband med avvikling av buplikta, er at kyrkjelyden misser «presten sin». Reduksjon i stillingar og samarbeid i større einingar, fjernar presten frå dagleg liv med mange i kyrkjelyden. Vi høyrer nokre gonger ønskjer om å få «sin» prest ved gravferd. Det er likevel vanskeleg å sjå at «ein fjernare prest» gjer at fleire ikkje vel kyrkjeleg gravferd.

Ut frå tala var det i 2017 netto 183 som ikkje er medlemmer, men som vel kyrkjeleg gravferd. Dette kan ha bakgrunn i at nokre som vel å ikkje vere medlem likevel har ei forankring som gjer det ønskjeleg med kyrkjeleg gravferd.

3.1.5 Kyrkja gir rom for ulike kunst og kulturuttrykk

Deltaking på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene i Møre auka med 3,9% frå 2016 til 2017.

Utviklinga frå dei siste åra held dermed fram i bispedømet. Frå 2014 til 2017 er deltakinga på konsertar og kulturarrangement auka med 24,4%, frå 86 424 deltakarar i 2014 til 107 523 deltakarar i 2017. For 2017 viser tala at det er deltaking på konsertar i eigen regi i kyrkjelydane som i første rekke aukar. Frå 2016 – 2017 er auken på 19,5%, frå 40 462 i 2016 til 48 490 i 2017. Talet på deltakarar på konsertar i regi av andre gjekk ned med 6,5%, frå 52 751 til 49 305. Når det gjeld deltakarar på andre kulturarrangement enn konsertar, viser tala ein auke på 3%, frå 6622 i 2016 til 6824 i 2017. Talet på arrangement gjekk ned frå 87 til 84.

I samband med markeringa av reformasjonsjubileet var det eit mål å ha eit særleg fokus på kyrkjemusikk og salmar i bispedømet. Mellom anna vedtok bispedømerådet å prioritere OVF-midlar til dette i 2017, ein hadde eit nært samarbeid med kyrkjemusikalsk råd og kantorane i bispedømet, både før og undervegs i reformasjonsåret, det blei laga ressursar til salmekveldar som kunne nyttas lokalt, og det blei etablert samarbeid med andre kulturinstitusjonar i bispedømet. Ut frå statistikken ser ein at denne satsinga har sett sitt preg på kulturaktivitetane i kyrkjelydane i 2017. Ei anna satsing var turneen med teaterframsyninga «Korfor er det så mørkt her". Hausten 2017 blei framsyningar vist over tretti gonger for i overkant av 2000 konfirmantar i bispedømet. Dette var ei av framsyningane som blei initiert av Kyrkjerådet for barn og unge i reformasjonsåret, «Forestillinger om nåde». «Korfor er det så mørkt her" blei produsert av teatermiljøet i Ålesund, og bispedømerådet støtta økonomisk framsyninga på turneen rundt til kyrkjene i bispedømet. Det er overraskande at denne satsinga ikkje har gitt større utslag på statistikktalet for andre kulturarrangement.

Møre bispedøme er framleis aktiv pådrivar og bidragsytar i arbeidet med å få etablert Kystpilegrimsleia. I desember 2017 blei leia godkjent av Nasjonalt pilegrimssenter, og opninga blir i juni 2018 med hovudmarkering i Møre bispedøme. Kystpilegrimleia og pilegrimsmotivet har vore tema i ulike samanhengar i 2017, mellom anna arrangerte bispedømerådet i samarbeid med KKKK-festivalen eit seminar med tema «Pilegrim i troens hus». Det er eit veksande engasjement rundt pilegrimsmotivet i vårt bispedøme. Og ein erfarer at dette arbeidet legg til rette for godt samarbeid og gode møtepunkt mellom kyrkja, fylkeskommunen, kommunar, kulturinteresser og næringsliv.

Med eit samla deltakartal på 107 523 på konsertar og kulturarrangement er kulturarbeidet er ein viktig berehjelp for folkekyrkja i vårt bispedøme. Det er ei interessant utvikling at kulturaktivitetar i eigen regi er aukande. I perioden 2014 – 2017 ser ein at talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i eigen regi har auka med 30%, medan tilsvarende tal for deltakarar på arrangement i regi av andre har auka med 19%. For 2017 var fordelinga 55 314 på deltakarar for arrangement i eigen regi og 49 305 på arrangement i regi av andre. Det er positivt med stor velvilje og eit sterkt ønske frå det ålmenne kulturlivet om å skape kunst- og

kulturopplevingar i kyrkjeromma. Samstundes er det gledeleg at kyrkjelydane i Møre i aukande grad er blir medvitne om og styrka i si rolle som kulturaktørar.

3.1.6 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Det er ikkje registrert at kyrkjelydar i Møre har teke i bruk samisk språk i gudstenesta. Likevel trur vi at medvitet om samisk språk og identitet er aukande. Det er blitt tydlegare at det er områder av bispedømet som har samisk busetnad, og ved inngangen til 2018 er det gjennomført samling for truslærarar der ein presenterte samisk trusopplæringsmateriell. Vi erkjenner at bispedømet kan gjere meir for å inkludere samisk språk i gudstenestelivet.

3.2 Fleire søker dåp og trusopplæring

3.2.1 Oppslutninga om dåp aukar

Andelen medlemmer i Møre som vel dåp har i 2017 hatt ein nedgang på 1,4% i forhold til 2016. Møre ligg framleis over landsgjennomsnittet (75,3%) med ein oppslutningsprosent på 85,6%.

For å motverke ein ytterlegare nedgang er dette noko vi aktivt og kontinuereleg må arbeide med og mot. Dåp og trusopplæring er derfor viktige tema som vert tekne opp i alle samanhengar der tilsette i kyrkja samlast. Det å bevisstgjere den einskilde det særskilde ansvar dei har i møte dåpskandidatar og familiane deira, ja, i det heile møtet med det einskilde soknemedlem, er viktig. Det er i møte relasjonar og fellesskap vert skapt og kyrkjelyden vert bygd. Tilgjengeleg, inviterande og tydeleg informasjon om dåp er også noko sokna aktivt og kontinuereleg bør arbeide med.

3.2.2 Omfanget i trusopplæringstilbodet aukar

Vi ser ein jamn nedgang i tal gjennomførte undervisningstimar: 189,9 i 2015, 329,6 i 2016 og 245,7 i 2017 (tala frå 2015 og 2016 er ikkje samanliknbare, fordi timar frå 2016 vart talde på ein anna måte).

Det er gledeleg å fortelje at berre to av dei kyrkjelegefellesråd har igjen litt arbeide før alle sokn i Møre har godkjente trusopplæringsplanar! Dette borgar godt for trusopplæringstilbodet. Sjølv om timane minkar er det god kvalitet på trusopplæringsarbeidet og barna/dei unge har eit rikt, godt og realistisk tilbod tilgjengeleg. Dette mellom anna fordi dei tilsette gjennom erfaring har funne kva som fungerer godt og mindre godt. Fleire arbeider også i aukande grad didaktisk og pedagogisk målretta og planmessig.

I åra som kjem vil det vere behov for eit omfattande planutviklingsarbeid. Håpet er at dette vil stimulere til stabilitet i trusopplæringstilbodet, auka tverrfagleg samarbeid, samarbeid på tvers av soknegrenser og eit auka samarbeid med organisasjonane og dei frivillige rundt trusopplæringstilbodet.

Ei stor utfordring som påverkar omfanget i trusopplæringstilbodet er dei mange små stillingsbrøkane dei som er tilsette som kyrkjelydsarbeidar, kyrkjelydspedagog eller kateket har. Dette er med å underbygge planutviklingsarbeidet som er på trappene.

3.2.3 Oppslutninga om trusopplæringstilboda aukar

Tal henta frå trusopplæringa sitt eige rapporteringsverktøy syner ein auke i oppslutninga om trusopplæringstilbodet, frå 52,79% i 2016 til 60,54% i 2017!

SSB tala er noko lågare, men Møre ligg over landsgjennomsnittet, 49% vs. 41%. Skilnaden kan skuldast lokal usikkerheit kring kva ein rapporterer kvar, og at det dermed skjer ei viss underrapportering.

Snitt deltaking ved utvalde trusopplæringstilbod og del deltakarar av målgruppe

2017		Dåps-samt.	4-års bok	Breidde-tiltak retta mot 6 år	Tårn-agent-helg	Lys Vaken	Konfir-masjon	Etter Konfir-masjon	TOTALT
Møre	Døypte i mål-gruppe	1899	2122	2705	2307	2369	2671	3628	17701
	Deltak.	1828	1233	995	806	832	2597	303	8594
	Prosent	96 %	58 %	37 %	35 %	35 %	97 %	8 %	49 %

Dei rapporterte tala syner at kyrkjelydane i Møre ligg over landsgjennomsnittet i oppslutningsprosent fram til og med konfirmasjon (0-15 år) i utvalde landsomfattande tiltak. Men etter konfirmasjon når vi derimot berre 8% av ungdomane våre! Dette er for svakt, og noko vi må ta tak i og gje auka fokus.

Der er fleire moglege årsaksforklaringar, mellom anna at mange ungdomar må flytte heimanfrå/pendle etter grunnskulen. Her må vi hjelpe kvarandre å tenkje nytt, og vi må våge å tenkje samarbeide over både sokne- og prostigrenser.

Kanskje må vi også våge å spørje om undervisninga vi gir er god nok. Erfarar barna/dei unge kva tru er og er dei i sanning inkludert, eller er undervisninga vaksen- og tradisjonsstyrt. Barn lærer på ein annan måte no enn for berre få år sidan, og dette får konsekvensar for korleis undervisninga vert utført.

Eit tankekross og ei utfordring ligg også i strukturane våre. Ofte er det ikkje er dei same som har konfirmantundervisninga som dei som driv det meir tradisjonelle trusopplæringsarbeidet. Ungdom er i større grad enn mindre born «flokkdyr». Ei heilskapstenking kring mellom anna nettverksbygging og relasjonsbygging opp imot ungdom som gruppe, sett i lys av kyrkjelydane sin ressursituasjon, vil vere viktige grep her.

3.3 Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

3.3.1 Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

61 av kyrkjelydane har utvikla diakoniplan. Talet er uendra sidan 2016.

Talet på kyrkjelydar med diakoniplan er høgt, men kunne vore høgare. Dette arbeidet har ikkje fått prioritet siste året. Særleg kunne stoda vore betre der det ikkje er lokalt tilsette diakonar. Permisjon i rådgivarstilling, og reduksjon i vikarressursar, har ikkje gitt rettleiing og oppmuntring til kyrkjelydane om å arbeide vidare med diakoniplanar. Ein ser også at innhaldet i diakoniplanane kunne utviklast. Mange kyrkjelydar kunne arbeidd betre og meir strategisk med dei diakonale utfordringane som knyter seg til å ta vare på skaparverket og som retter seg mot menneske i naud. Kan hende er tida inne for utvide tenestområdet til den einskilde diakon og utfordre diakonitenesta til arbeide meir med strategi og utvikling?

For dei som mottar tilskot til diakonstilling blir det stilt krav om diakoniplan.

3.3.2 Fleire kyrkjelydar blir grøn kyrkjelyd

Talet på grøne kyrkjelydar i Møre er enno lågt i høve til talet på sokn. Likevel ser ein ei god utvikling, og talet på sokn som no er registrert som grøne kyrkjelydar er 15 (mot 4 i 2011).

Møre bispedøme har etablert ei godt arbeidande ressursgruppe; «Skaparverk og berekraft». Denne gruppa har leia arbeidet med å etablere grøne kyrkjelydar. I samband med permisjon i diakonirådgvivarstillinga, har bispedømet knytt til seg ein seniorvolontør, som har fått som sine utfordringar å arbeide særleg med å auke talet på «grøne kyrkjelydar». Vi trur at denne ordninga kan føre til at fleire kyrkjelydar vil melde seg inn i ordninga. Bispedømet helsar velkommen kyrkjerådet si samordning av dei ulike «sertifikat-ordningane» på dette feltet!

3.3.3 Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Møre bispedøme samarbeider med organisasjonane i SMM gjennom SMM Møre, om misjonsavtalar i kyrkjelydane. Sjå fakta i tabell.

Det er ikkje vesentlege forskjellar frå tala i fjor, kor vi har totalt same tal kyrkjelydar med avtalar hos ein av SMM-organisasjonane som i fjor, om lag 76% av kyrkjelydane i bispedømet. SMM-organisasjonane har likevel gjort ein stor innsats med fornying og også ein del nyteikningar i 2017, noko som gjer at delen aktive avtalar har auka. Berre i 2017 vart det fornya eller nyteikna over 20 avtalar i bispedømet.

Organisasjonar:	Tal avtalar:
Himalpartner	13
Misjonsalliansen	5 (5)
NMS	55 (53)
Den norske israelsmisjon	4 (3)
Areopagos	0
Stefanusalliansen	1
Normisjon	Ikkje motteke (7)
Antal kyrkjelydar med misjonsavtale	73 (74)
Antal avtalar totalt i Møre	83

3.3.4 Kyrkja blir meir tilgjengeleg på internett

Dei nye nettsidene til Møre bispedøme har vore i bruk i vel eitt år. Parallelt vart nettressursar som rører ved indrekyrkjelege tilhøva flytta over på intranettplattformen *Kyrkjebakken*. Publiseringsløysingane er kraftfulle reiskapar til å nå mange målgrupper. Det er ei utfordring å kunne ta i bruk og utnytte analyseverktøy som gjev viktig og detaljert bakgrunnsinformasjon om brukarar og treff.

Møre bispedøme meiner det er eit potensiale for auka besøk på nettsidene, men for å oppnå dette er det eit vilkår at sidene blir endå meir aktuelle og endå hyppigare oppdaterte. Dette fordrar auka merksemd og auka ressursbruk på området. Bispedømet si Facebook-side har pr. desember 2017 216 følgjarar. Vi er ikkje nøgde med dette talet, og meiner denne kanalen har eit stort potensiale for fleire følgjarar. Eit samvirke mellom nettsider og sosiale medium, slik som Facebook, kan ha synergieffekt.

3.4 Fleire vil jobbe i kyrkja - rekruttering og frivilligheit

Vigslingar i Møre

I 2017 vart det gjennomført 6 vigslingar til kyrkjeleg teneste. Av desse var 4 prestar, 1 diakon og 1 kateket. I 2016 vart det gjennomført 6 vigslingar der 2 vart vigsla til presteteneste i tillegg til 3 diakonar og 1 kateket. Fleire av desse vigslingane er direkte konsekvens av oppfølging av kompetansekrav og motivasjon til etterutdanning.

Kyrkjelege handlingar pr. presteårsverk

	Prestar	Tal konfir mantar	Per prest	Vigslar	Per prest	Gravferder	Per prest	Dåps-handling	Per prest
Møre	70,8	2 502	35,3	423	6,0	2 115	29,9	2 067	29,2
<i>Nasjonalt</i>	1 201,67	35 588	29,6	7 417	6,2	36 075	30,0	30421	25,3

Gudstjenester pr. presteårsverk

	Presteårsverk	Totalt antall gudstjenester	Gjennomsnitt gudstjenester per presteårsverk
Møre	70,8	3 766	53,2
<i>Nasjonalt</i>	1201,67	61 158	50,9

Kyrkjelege handlingar og gudsteneste pr. presteårsverk er om lag som for snitt på nasjonalt nivå, med unntak for konfirmantar og dåp.

Tal kyrkjemedlemmar per faste presteårsverk

I Møre bispedøme er det 2956 medlemmer per prest i 2017, om lag likt med snitt på landsplan der det er 2980 kyrkjemedlemmar per prest. Medlemstalet per prest aukar stadig fordi tal presteårsverk er redusert. Frå 2016 til 2017 vart det 66 fleire medlemmar per prest i Møre.

Ekstratenester

Ut over dei faste stillingane er det nytta vikarar og pensjonistar for å gjere presteteneste. For pensjonistar er det ein reduksjon frå 2015, til 2016 og vidare til 2017. Årsaka til mindre bruk av pensjonistar heng saman med at det er færre vakante stillingar, men og at reglane for å tilsette pensjonistar er innskjerpa.

Pensjonistar og enkelttenester, 2014 – 2017

Utbetalte timar for medarbeidarar på pensjonistvilkår

	2014		2015		2016		2017	
	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk
Møre	4 053	2,3	8253	4,7	5181	3,0	4532	2,6

Gudstenester, gravferd og vigsel

For åra 2015 – 2017 ser endringane i ekstratenester knytte til gudstenester, gravferd og vigsel slik ut:.

Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel

	Gudstenester			Gravferd			Vigsel
	Ved andre	Ved prest	Totalt	Ved andre	Ved prest	Totalt	
Møre 2015	64	18	82	74	34	108	22
Møre 2016	37	7	44	30	7	37	8
Møre 2017	28	16	44	48	12	60	10

Utlysingar, søknadar og tilsettingar i prestenesta

	Utlyste stillingar	Tal søknadar	Søknadar per stilling	Stillingar lyst ut fleire g.	Tal tilsettingar	Ledige stillingar
Møre 2016	9	15	1,7	4	6	5
Møre 2017	9	26	2,9	3	9	4

Aldersfordeling i presteskapet frå 2014 - 2017

	Under 40 år		40 - 49 år		50 -59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.
Møre 2014	19	26 %	11	15 %	20	28 %	22	31 %	72
Møre 2015	17	24 %	10	14 %	21	30 %	22	31 %	70
Møre 2016	21	29 %	12	16 %	16	22 %	24	33%	73
Møre 2017	23	32 %	13	18 %	14	19 %	22	31 %	72
Nasjonalt 2017	200	16 %	318	25 %	360	29 %	384	30 %	1262

Dei siste åra har Møre bispedøme rekruttere fleire unge prestar. Etter dette har Møre blitt det bispedømmet i landet som i prosent har flest prestar under 40 år. For første gong er gruppa under 40 år større enn gruppa over 60 år. Talet på prestar mellom 40 og 49 år er stabilt lågt med 18 prosent. Aldersgruppa mellom 50-59 er på 19% og er lågare enn tidlegare. Totalt sett har Møre bispedøme ei svært god aldersspreiing i presteskapet.

Stillingskategoriar

Møre har til saman 7 prostar, 52 sokneprestar, 3 seniorprestar og 0,8 spesialprestar. Av ca. 70 prestestillingar i Møre er over 70% sokneprestar. Dette har si årsak i mange sokn der presten har sete i sokneråd. Dette er også bakgrunnen for at Møre ikkje har prostiprestar i fast stilling. Det er 7 kapellanar som alle er knytt til dei store kyrkjelydane med fleire prestar. Ordninga med seniorprestar er knytt til at nokre får spesialisert teneste i siste del av yrkeslivet. Dette er ofte ein prostiprest-liknande teneste eller for å dekke opp i vakante stillingar i ein periode. Dette har vist seg å vere ei tenleg løysing

Vurdering av bemanningssituasjonen

Møre bispedøme har motiverte og kompetente medarbeidarar. Vi erkjenner at arbeid med å tilpasse stillingar og årsverk i høve til tildelte ressursar verkar negativt inn på motivasjonen. Med dei økonomiske rammer og stillingsrammene er det krevjande å kome ytterlegare forventingar frå sokneråd og kyrkjelydar i møte.

Kyrkjelydar i Møre har forventingar til at prestane deltar i den kyrkjelydsbyggande. Dette er ofte ein gjensidig forventning til prest og kyrkjelyd. Gudstenester og kyrkelege handlingar pr. presteårsverk gir derfor berre uttrykk for grunnrytmen i prestenesta. I dei kyrkjelydane som ikkje har kateket eller diakon bli presten også berar av dei diakonale og kateketiske perspektiva.

Rekrutteringssituasjonen er sårbar, og det skal små endringar til før rekrutteringa er på eit kritisk nivå. Enkelte geografiske delar av bispedømet er det vanskeleg å rekruttere til.

Det er har over tid vore ei forskyving mellom aldersgrupper, med hovudvekt på dei under 40. Dette gir særskilte utfordringar knytte til introduksjon og oppfølging i tenesta. At Møre rekrutterer unge prestar kan ha si årsak i at vi gir VTP—studentar høve til å prøve seg i teneste gjennom å vere sommarvikar. At fleire som kjenner kvarandre søker til same geografiske område verkar og inn.

Tal søkerarar til stillingar er låg, men dei som søker er som regel godt kvalifiserte. At ein stilling blir lyst ut fleire gonger har i nokre tilfelle si årsak at ein søker får tilbod om fleire stillingar.

Talet på kvinner i presteneste er aukande, ei ønska utveling.

Sjukefråveret er lågt, men om sjukdom oppstår er det krevjande å skaffe vikar. Konsekvens er ofte at prosten gjer vikarteneste med overbelastning for prosten som resultat.

Vi vurderer at arbeidsbelastninga mellom prestane er jamnare fordelt enn tidlegare. Strukturelle tilhøve som ny arbeidsavtale verkar inn på dette, men også ein tydelegare leiarrøle gjennom prosten.

Det er godt samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta på regionalt og lokalt nivå.

3.4.2 Fleire blir engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Totalt tal frivillige		Frivillige i guds-teneste-feiringa		Frivillige i kyrkje-lydens barne-arbeid		Frivillige i kyrkje-lydens ungd.-arbeid		Frivillige i kyrkje-lydens diakonale arbeid		Frivillige i kyrkje-lydens kultur- og konsert-arbeid		Frivillige i kyrkje-lydens komité- og utvals-arbeidav dette i sokneråd		Frivillige i anna arbeid	
2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
7145	7790	3249	3242	1388	1408	1039	931	1171	1603	1512	1841	1481	1426	819	797	976	993

Eit av kjerneomgrepa i samband med gudstenestereforma var «involvering». Ikkje berre i gudstenesta, men også på andre felt av det kyrkjelege arbeidet har omgrepet festa seg som ressurs og kvalitetsstempel. Det er eit aukande fokus på å trekkje frivillige inn i det kyrkjelege arbeidet. Ressursmangel og rekrutteringsutfordringar understrekar det nye fokuset på frivillige. Over tid har vi sett at bispedømet, særleg innan «kultur- og konsertarbeid» har auke i talet på frivillige. For 2017 ser vi for vårt bispedøme sin del at talet på frivillige er høgare enn i dei andre bispedøma (i utvalet over), og vi kan sjå at auken frå 2016 er påfallande stor! Den same auken ser vi på frivillige i det diakonale arbeidet. Her aukar talet på frivillige frå 1171 (2016) til 1603 (2017). Utover det generelle fokus på frivillige, og dei stabile tal i dei andre områda som statistikken rapporterer frå, har vi ikkje heilt forklaring på den store auken som statistikkematerialet dokumenterer for «diakoni» og «kultur og konsertarbeid».

Ved å gå inn i statistikkematerialet på soknenivå, ser vi at auken ikkje er jamt fordelt mellom sokna, men at nokre få kyrkjelydar rapporterer svært høge tal i høve til andre det er naturleg å samanlikne. På den andre sida ser vi at mange kyrkjelydar har låge og fråverande tal på frivillige, noko som heller ikkje speglar aktivitetsnivået vi kjenner til er i soknet!

Vi trur at statistikken mest av alt dokumenterer at det er vanskeleg med statistikk. På den eine sida har ikkje statistikkansvarleg på soknenivå god nok innsikt og/eller gode nok verktøy til å registrere data gjennom året. På den andre sida stiller vi spørsmålsteikn ved presisjonsnivå på årsstatistikken sin rettleingsdel. T.d., er det klart om dei som syng i kyrkjekor eller andre songarar som syng vederlagsfritt på konsertar og ved kulturarrangement i kyrkja er å rekne som frivillige? Eller er det klart om konfirmantar som tar del på KN sin fasteaksjon er å rekne frivillige i kyrkjelyden sitt diakonale arbeid? Ein kan ane kva ulik tolking kan føre til når statistikken blir ført.

3.4.3 Samarbeid skule kyrkje

Besøk i kyrkje utanom gudsteneste og besøk frå kyrkjeleg medarbeidar

	Besøk i kirke utenom gudstjeneste						Besøk av kirkelig medarbeider					
	Tal besøk fra barnehagar			Tal besøk frå skular			Tal besøk i barnehagar			Tal besøk i skular		
	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring
Møre	261	234	-10 %	212	205	-3 %	140	104	-26 %	156	163	4 %
Totalsum	3302	3208	-3 %	274	2635	-4 %	180	170	-5 %	2081	197	-5 %
				5			5	6			2	

I Møre er det eit varierende tilbod og samarbeid mellom kyrkja og skulen. Dei fleste gjev likevel tilbod om skulegudstenester og jule - og påskevandringar. Vi ser også ofte eit tettare samarbeid på små stader framfor i dei større tettstadane/byane våre. Mykje av samarbeidet heftar på tillit og relasjon til enkeltlærarar og den lokale skuleleiinga.

Dei rapporterte tala viser nedgang i samarbeidet med barnehagane, anten det er besøk av barna i kyrkja, -10%, eller besøk av kyrkjeleg tilsette i barnehagen, -26%! I samarbeidet med skulen er det ein nedgang på 3% av skulebesøk i kyrkja, men ein gledeleg auke på 4% på besøk i skulen.

Det er vanskeleg å peike på ei enkeltårsak til nedgangen, men ein ser at skulen oftare enn før unngår samarbeid for å ikkje aktivere motkrefter til kyrkjeleg samarbeid.

Noko av nedgangen kan også skrive seg frå at dei kyrkjelege ressursane er i endring. Kyrkjelydane har ofte små stillingsprosentar knytte til undervisningsstillingar, og prestane har i mindre grad enn før høve til å vere motorar i skule-kyrkje-samarbeidet.

Medieskepsis og politisk uro kring skulegudstenester visest i liten grad igjen på talet for skulebesøk i kyrkja. Nedgangen er moderat (-3%) og viser at det er mange gode og trygge samarbeidsrelasjonar i skule-kyrkje-samarbeidet.

Eit godt samarbeid avheng av at kyrkja ikkje har ein skjult agenda for samarbeidet, og at vi er lojale til dei rammene som skulen har sett. Vi driv ikkje trusopplæring i skulen. Usikkerheit kring dette kan medføre at aktørar trekkjer seg ut av ei samarbeide.

Kvifor er det då verd å bruke ressursar på skule-kyrkje-samarbeidet? Vi ser i dag ei auka sektorisering både på eit individuelt så vel som på et samfunnsmessig plan. Dette gjer at barna sine ulike arenaer i større grad enn tidlegare er åtskilte. Eit samarbeid mellom skulen og kyrkja kan positivt forsterke og underbygge læringsbanar mellom skulen og kyrkja, og slik skape auka læring og forståing både for skulefaget KRLE i skulen og for kva tru er i kyrkja. For skulen vil tilsette i kyrkja ha ein fagkompetanse og ein «utanfråstemme» inn i skulen som er ein ressurs for dei. For kyrkja vil eit samarbeid vere ein viktig relasjon – og eit tillitsbyggande arbeid med barna, dei vaksne og lokalmiljøet.

Skulen arbeider i desse dagar med å revidere læreplanverket sitt. Det blei 1.sep. 2017 fastsett ein ny overordna del av læreplanverket. Denne konkretiserer verdigrunnlaget i opplæringslova sin formålsparagraf og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Her er mellom anna «livsmestring» eit tverrfagleg tema. Med livsmestring meiner ein mellom anna det å kunne forstå og å kunne påverke ulike faktorar som har betydning for å mestre eige liv.

Her har vi som kyrkje unik kompetanse å tilby skulen, då vi sidan trusopplæringsreforma blei innført har arbeidd aktivt med livsmestring som ein av tre dimensjonar i trusopplæringsarbeidet.

Korleis ein skal arbeide smart med dette, og om det er eit samarbeid ein ønskjer, er ein viktig diskusjon kyrkjelydane bør ta.

3.4.4 Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane

Langt dei fleste einingane våre melder tilbake at dei samarbeider med ein eller fleire organisasjonar, og at dei opplever dette som viktig og godt. Det er uttrykt at det kontinuerlege arbeidet - men også leirarbeidet og leiartreningskursa som samarbeidsorganisasjonane tilbyr - er ein viktig grunnstein inn i og opp under trusopplæringsarbeidet, og at dette er eit arbeid kyrkjelydane ønskjer seg meir av. Ei sorg for mange er at det er vanskeleg å få nok frivillige vaksne og barn/unge til å delta. Tidsklemma og kampen om merksemd som eit av mange tilbod opplevest krevjande.

Dei rapporterte tala viser ein stor auke av kontinuerleg tilbod for aldersgruppe 13 – 17 år (41%) og for dei mellom 18 – 30 år (27%), men at dei punktuelle tiltaka for ungdomane/unge vaksne har gått ned (-23% og -40%).

Dette viser at vi har ungdom som vil vere med og at mange ønskjer og søker dei fellesskap som kyrkja og samarbeidsorganisasjonane tilbyr.

Like fullt er arbeidet for ungdom/unge vaksne ei stor utfordring. 94% av dei døypte vel å konfirmere seg, men av desse ser vi berre igjen 8% etter konfirmasjonen! Kva årsakene til dette er bør vi prioritere både tid og ressursar på å finne ut.

Det gledelege er at av dei ungdomane som er med i alderen 18 – 30 år, så er langt dei fleste deltakarar i ei form for leiarkurs.

Møre bispedøme vil i større grad enn før støtte og inspirere dei som driv kontinuerleg arbeid, då vi har tru på at eit slikt fokus vil bidra til å vitalisere dei ulike barne- og ungdomsorganisasjonane. Vekst hos desse vil kome heile kyrkja til gode.

Tilbod til unge 14-17 år, enkelttiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlige tilbod for 13-17 år, antall			Enkelttilbud for 13-17 år, antall			Lederkurs for unge 13-17 år, antall		
	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring
Møre	37	52	41 %	31	24	-23 %	25	14	-44 %
Totalsum	796	740	-7 %	533	529	-1 %	660	561	-15 %

Tilbod til unge vaksne 18-30 år, enkelttiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år, tal			Enkelttilbud for 18-30 år, tal			Leiarkurs for 18-30 år, tal		
	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring	2016	2017	Endring
Møre	11	14	27 %	5	3	-40 %	3	8	167 %
Totalsum	245	311	27 %	144	189	31 %	97	94	-3 %

3.5 Om biskopens verksemd

Tre av hovudmåla for Den norske kyrkja har eit tydeleg samanfall med biskopens særlege ansvar:

- *Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje.*
- *Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som bekreftar karakteren som folkekyrkje.*
- *Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle barn.*

Det er nytt og nyttig at biskopens verksemd på denne måten blir gjort synleg i samanheng med heilskapen i bispedømet. Jmf ToB § 2 og ToP § 2 m.o.t. bispedømmets mål og strategiar. Prostemøta, dialogen og samhandlinga med den enkelte prost i kyrkjefaglege og personalmessige spørsmål, i deira leiing av prestetenesta, ved vigslingar, kyrkjejubileum, visitasar og gudstenester, har høgaste prioritet. Personalpolitikken for prestane med rettleiing og kompetanseutvikling er både ein del av arbeidsgivaransvaret og av tilsynsansvaret for biskopen som øvste leiar av prestetenesta.

Biskopen var på dagsbesøk i alle prostia i november/desember. Prostane la til rette ut frå sine behov. I alle prosti var det prestemøte, nokre stader også møte med alle vigsla medarbeidarar, soknerådsleiarar og fellelsråd. - *grep for å motivere* – Motiverte til lekmannsgudstenester i kyrkjene, slik det før gudstenestereforma sin auka nattverdfrekvens var tradisjon for ein del stader. I dialog med kyrkjevevjerne får diakonar og kateketar mynde til å ta sjølvstendig ansvar for gravferd og ein del gudstenester.

Fokus i prestemøta var den enkelte si kallshistorie og veg til presteteneste. Samtale rundt ordinasjonsliturgien, tenesta med ord og sakrament og presten sitt særlege ansvar. Prestetenesta har vore – og vil fortsatt vere – i endring. Mykje tyder på at vegen framover er vegen tilbake til å prioritere det som er prestetenesta sin eigenart. Bruke presten sin kompetanse til å utruste andre medarbeidarar, vere i større grad med på førebuingane enn på gjennomføringa av trusopplæringstiltak.

Hovudmål 1, Resultatmål 1.1: «Oppslutninga om gudstenestene aukar» og Resultatmål 1.2: «Gudstenestetilbodet vert halde oppe». - *spesifikk måloppnåing* – Ein risikofaktor vi hadde sett på førehand var at de forordna gudstenestene ikkje blei gjennomført og at gudstenesteforordninga ikkje er tilpassa ressursfordelinga. Det blir ikkje lenger ført statistikk for messefall, og dermed blir heller ikkje noko av årsaka til at gudstenestetalet går ned gjort synleg. Det er eit mål at gudstenester der det er meldt dåp skal bli gjennomført.

Gudstenestefrekvensen er kritisk låg ut frå målet om at Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande folkekyrkje. Gjennom endringar i delegasjonsreglementet er prosten gitt mynde til å kunne flytte gudstenester mellom kyrkjer og andre gudstenestestader internt i prostiet, men samtidig prøve å halde det totale talet gudstenester oppe.

Bispedømmets visjonsdokument har same overskrifta som på nasjonalt nivå; *Meir himmel på jorda*. Ein del av biskopens tilnærming er «Vi må ikkje stenge trua inne i kyrkja. Vi må opne opp, gå ut og gi menneske tilhøyrsløse.» Dette fekk fokus i samband med dei mange reformasjonsmarkeringane. Kyrkjemusikk, salmesong og styrkt samhandling mellom kantorar/kyrkjemusikarar og prestar har gått som ein raud tråd frå verksemdoverdraginga i januar til dei store konsertane i desember. Salmane har gitt trua eit felles språk og inkludert alle, frå babysong til sjukeheim. Fungerande biskop ga fagleg bakgrunnsstoff og medverka til at det i heile bispedømet var mange salmekveldar gjennom heile året.

Folkekyrkje kan ikkje vedtakast, men må skapast; bli bygd og vedlikehalde. Når strukturane blir endra/svekte, må relasjonane bli styrkte. Å gjere kyrkja sitt samfunnsoppdrag godt synleg er prioritert. Biskopen tok del under KS-konferansen i fylket med foredrag om kyrkjelov, gravferdslov og kommunane sitt vidareførte ansvar for den lokale kyrkja.

Reformasjonsmarkeringane ga samhandling med Høgskulen i Volda, Romsdalsmuseet, Møre og Romsdal fylkeskommune, der alle medverka inn i opne fagdagar. Fylkesmannen var tekstlesar under reformasjonsgudstenesta i Molde domkirke, ordførarar ved dei andre temagudstenestene, visitasar og kyrkjejubileum.

Visitasarbeidet fekk ei anna vektlegging i 2017 pga. biskopens studiepermisjon og heilt spesielle lokale omstende som førte til at tre av dei tillyste visitasane måtte utsettast til 2018. Det ga rom for visitas hos prestetenesta i helseføretaket i Møre og Romsdal, der også øvste direktør prioriterte å ta del. Visitasen sette fokus på menneske sine åndelege behov og rettar i møte med spesialisthelsetenesta, understreka prestetenesta si faglege betydning for ulike gruppe av tilsette og bidrog til å understreke kyrkja sitt samfunnsoppdrag.

Kyrkjelydsvisitase i vekene rett etter Kyrkjemøtet hadde stort trykk på vedtaket om ny vigselsliturgi. Biskopen la inn møte med representantar for alle dei ulike kristne organisasjonane, bedehusforsamlinga og andre kyrkjesamfunn som var aktive i dei ulike sokna, med ein tydeleg invitasjon til å vise kristen einskap. Teologiske samtalar med prestar i same stab med utfordring til at dei kunne fortsette å feire gudsteneste saman og ta imot nattverd av kvarandre. Opne møte med det myndige lekfolket og møte med alle i sokneråd og fellesråd. Frå konflikt via dialog til fortsatt fellesskap stod i fokus før, under og etter visitasane.

Kyrkjeforvaltning

Innan områda kyrkjeforvaltning og gravplassforvaltning var det fram til 1. desember 2017 behandla 114 slike forvaltningssaker. 67 av sakene var knytte til endringar i kyrkjeinteriør og kyrkjebygg, medan 47 saker var knytte til gravplass, kyrkja sine nære omgjevnader samt nokre andre tema.

Innan kyrkjeforvaltning er dei fleste sakene knytte til godkjenning av liturgiske plagg og utstyr, tiltak, endringar eller ombyggingar i kyrkjeinteriøret og endringar på og ved kyrkjebygget utvendig.

Innan gravplassforvaltning er dei fleste sakene knytte til endringar på gravplass og godkjenning av nye gravplassar. Andre saker er knytte til nye eller reviderte vedtekter for gravplassane. Nokre saker er klagesaker etter enkeltvedtak.

DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

4.1 HMS/Arbeidsmiljø Sjukefråvær

Møre bispedøme har revidert sine IA-mål og underteikna ny regional avtale. Møre bispedøme sitt IA-mål er å ha eit sjukefråvær på under 4%. Det totale sjukefråværet i 2017 var på 5,1%. Dette er høgare enn IA-målet, men likevel lågare enn sjukefråværet på nasjonalt nivå. I 2016 var det same talet for Møre på 5,2%.

Det totale sjukefråværet for prestar er på 3,7% og er under IA-målet. Det er likevel verdt å merke seg at sjukefråværet for kvinner er betydeleg høgare og ligg på 13,1%. Vi er kjent med årsaka til dette og meiner situasjonen er under kontroll.

Sjukefråværet for administrasjonen blir vurdert til å vere høgt både for menn og kvinner. Vi er kjent med at dette ikkje er arbeidsrelatert.

Som arbeidsgjevar er vi stort sett kjent med årsaka til sjukefråvær og har fokus på dette gjennom oppfølging. Vi ønskjer også å legge til rette for tilsette med kroniske lidningar. I statistikk for sjukefråvær kan dette slå negativt ut, men grunnhaldninga vår her er overstyrande. I arbeidsplassundersøkingar seier mange at dei går på jobb sjølv om dei er sjuke. Dette er eit område vi arbeider med. Sjukefråværet blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og i forhold til våre IA-rutinar.

- Arbeidsmiljøundersøking inkl. vurderingar

Dei årlege arbeidsplassundersøkingar har høg svarprosent. Arbeidsplassundersøkingane er grunnlag for fokus på arbeidsmiljø i prostia og på bispedømekontoret gjennom året. Vi vurderer at konsekvensane av overgang til nytt rettssubjekt har gått bra. Samstundes er det negative opplevingar knytt til nye system og avtaleverk. Vi vonar dette er ei overgangsperiode.

4.2 Likestilling

Kvinnedel i presteskap og leiande stillingar

Talet på kvinnelege tilsette er lågare enn mannelege tilsette for presteskapet i Møre. Den siste fireårsperioden er kvinnedelen likevel auka med 4%. Kvinnedelen for biskop og prostar er den same i fireårsperioden, medan kvinnedelen i administrasjonen er på over 50%. I leiargruppa ved administrasjonen er 3 av i alt 5 tilsette kvinner.

		2014	2015	2016	2017
Kvinnedel av prestestillingar	Møre	22 %	23 %	22%	26 %
	Nasjonalt	30 %	31 %	32%	33%
Kvinnedel av biskop og prostar	Møre	38%	38%	38%	38%
	Nasjonalt		28%	29%	32%
Kvinnedel ved bispedømekontoret	Møre				56%

Søknader og tilsettingar av prestar i Møre bispedøme

Talet på kvinnelege søkjarar var på 31% i 2017, medan talet på kvinnelege tilsettingar var 4 av i alt 9 tilsettingsaker. Det vil seie at i 44% av alle tilsettingssakene var det kvinner som blei tilsette i 2017.

Dette er det same talet som på nasjonalt nivå. Når det gjeld talet på kvinnelege tilsettingar i Møre for 2017, vurderer vi det slik at likestillingsprinsippet er innfridd.

Kvinnedel av søknadar og tilsettingar i Møre og på nasjonalt nivå

	Søknadar						Tilsetj.					
	Tal søknadar		Av desse frå kvinner		Kvinne- del		Tal til- setj.		Av desse kvinner		Kvinne- del	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Møre	15	26	3	8	20%	31%	6	9	1	4	16,7%	44%
Nasjonalt	606	644	209	281	34,5%	44%	126	116	50	51	39,7%	44%

Fråvær

Sjukefråværet er for presteskapet lågare enn målsettinga, for administrasjonen betydeleg høgare. Det er stor forskjell på kjønn, men går i ulik retning for presteskap og administrasjon. Vi vurderer at desse forskjellane ikkje er kjønnsbetinga.

	Presteskap			Administrasjon		
	Alle	M	K	Alle	M	K
Møre	3,51	1,11	10,9	11,99	17,43	7,36

4.3 Vurdering av risiko for misleghald

Vi vurderer risiko for misleghald som liten.

Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i at Møre bispedømeråd har vedtatt økonomiinstruks og at stiftsdirektøren fastsett rutinar for økonomistyringa.

Dei områda som særleg er omfatta av rutinar er:

- Fullmakter
- Anskaffing av varer og tenester
- Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingssystem
- Godkjenning for utbetaling
- Lønsrutinar
- Rapportering
- Tilskotsforvaltning

Det er også utarbeidd Internkontroll med vurderingar av risiko- og vesentlegheit for økonomiforvaltninga i Møre bispedøme. Bakgrunnen er at det skal vere gode interne kontrollar som kan forhindre, under dette oppdage og eventuelt korrigere styringsvikt, feil, manglar og misleghald.

Det ligg til grunn delegering av budsjett disponeringsmynde. Det er også utarbeidd rundskriv til alle prostar om personal- og økonomiforvaltninga i prostia. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

I 2017 er det berre gjort endringar i rutinar som følgje av overgang til nye system innanfor rekneskap, budsjett og lønsområdet. Det er som følgje av dette gjort mindre endringar i prosessar for vurdering av risiko og vesentlegheit.

Møre bispedømeråd har ikkje mottatt merknader frå revisjon.

DEL 5 - VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

1. Kyrkje- og organisasjonsliv har tradisjonelt og historisk vore ein viktig faktor for folk i Møre bispedøme. Høge tal for medlemskap, deltaking i gudstenester/kyrkjelege handlingar, dåp/trusopplæring og frivillig arbeid viser dette. Å ta vare på og utvikle desse tradisjonane vil vere eit berande element for måloppnåinga også i tida framover
2. Kyrkja i ei endringstid
 - a. Ny lov om trus- og livssynssamfunn
 - b. Vegval om Noreg som livsynsope eller livsynsnøytralt samfunn
 - c. Ny kyrkjeordning
 - d. Kommune- og regionreforma fører til endring i grenser og reduksjon i tal på kommunar/fellesråd og endring i fylkesgrenser. Vil også virke inn på prostigrenser.Vil for Møre bispedøme verke inn på måloppnåinga avhengig av kva for val som blir tatt med omsyn til ressursar, fastsetting av struktur, arbeidsgjevaransvar, leiing, funksjonar, oppgåver og organisering.
3. Møre bispedøme har ei brei kontaktflate på lokalt-, regionalt-, nasjonalt- og internasjonalt nivå. Dette skjer gjennom arenaer knytte til mellom anna kyrkjelege rådsorgan, kultur, diakoni, miljø, undervisning, dialog og politikk – i kvardag og ved krisehandtering. Samhandling er ein viktig faktor i måloppnåinga. Element i pkt. 2 kan utfordre og endre i høve til dette.
4. Endringstid krev merksemd og ressursar. Samstundes er det auka krav til effektiv organisering for å oppretthalde eller fristille ressursar til utadretta arbeid. Dette vil verke inn på ordinær drift og vere eit risikoelement i høve til å nå mål og resultat. Endringane kan også bidra til usikkerheit knytt til rekruttering til utdanning og kyrkjelege stillingar, og om vi er i stand til å halde på kvalifiserte medarbeidarar. God informasjon til alle vil motverke dette.
5. Framtidig tildeling til Den norske kyrkja og fordeling av ressursar til dei ulike einingane er faktorar som gir grunn til usikkerheit om framtidige rammer. Det er viktig at tildelingane til prestenesta vert på eit slikt nivå at den lokale norske kyrkja kan vere aktivt og relevant til stades i lokalsamfunnet med forkynning og kyrkjelege handlingar – og at målet om ei landsdekkande kyrkje blir nådd.
6. Teknologi- og mediasamfunnet byr på moglegheiter og utfordringar. For Møre bispedøme er det nødvendig å utvikle ein kommunikasjonsstrategi som gir retning og innhald for intern- og ekstern kommunikasjon. Kyrkja si IKT-satsing vil føre til ei utvikling og endring i måten å samhandle på - i og mellom kyrkjelege organ og overfor omgivnadane. I nær framtid, og på fleire nivå, blir det tatt aktivt stilling til kva funksjonar vi skal bruk menneskelege ressursar innan og kva for funksjonar vi skal bruke teknologi og kunstig intelligens til.

7. Flykningar og asylsøkjjarar utfordrar kyrkja si evne til integrering og dialog.
8. Kyrkja i Møre bispedøme vil i sterkare grad bli avhengig av frivillige ressursar for å nå mål. Vi treng å bli meir medvitne på kva som bidrar til motivasjon og engasjement og kva som skal til for å utvikle god leiing og «personalpolitikk» også for frivillige medarbeidarar.
9. Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros blir offisielt opna i 2018. Pilegrimsleden frå Norddal til Dombås vart opna i 2016. Fleire kyrkjer i Møre vil bli pilegrimsmål.

DEL 6 – ÅRSREKNESKAPEN

6.1 Leiinga sine kommentarar

Føremål

Møre bispedømeråd førte i 2017 rekneskap etter rekneskapsprinsippet.

Vi meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av Møre bispedømeråd sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2017 har Møre bispedømeråd samla disponert tildeling på post 01 på kr 83 962 000. Av dette er kr 9 905 000 pensjon som ein kalkulert kostnad handsama på rettssubjektsnivå. Rekneskapen for Møre bispedømeråd viser ei mindreutgift på kr 1 314 000,- som vil bli søkt om overføring til neste år på post 01.

Mindreutgiftene forklarar vi slik:

Frå 2016 fekk Møre bispedømeråd overført eit akkumulert mindreforbruk på kr 3 015 000.

2017 har vore eit år med planlagt bruk av mindreforbruk på ein slik måte at det kunne bli ei gradvis tilpassing til eit lågare driftsnivå. Det har framleis vore usikkert om konsekvensar av ny arbeidstidsavtale for prestar, konsekvensar av tidlegare års lønsoppgjer og andre driftsutgifter knytte til reise, beredskap og ny bustadordning. Akkumulert mindreforbruk har difor vore eit middel til å møte denne situasjonen. Konsekvensen har blitt at Møre for 2017 brukte kr 1 700 000,- meir enn den isolerte tildelinga for 2017.

For bispedømekontoret er det eit mindreforbruk i høve til budsjett knytt til løn som følgje av vakante stillingar og sjukefråvær.

For presteskapet har det vore eit meirforbruk av løn i høve til budsjett.

Inntektene er om lag som budsjettert. Størstedelen av inntektene er refusjon knytt til stillingar, tilskot frå Opplysningsvesenets fond og kursinntekter.

På post 75 Tilskot til trusopplæring og tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk har Møre bispedømeråd utbetalt kr 28 051 000 av tildelinga på kr 28 977 000 inkludert overførte mindreutgifter på kr 761 000 frå 2016. Bispedømerådet søker om å få overført mindreutgifter på kr 908 000,- frå 2017 til 2018.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen var ekstern revisor inntil 31/12-16 og revisjonsberetninga vart publisert på våre heimesider innan fristen 1/5-17. Det var ingen merknadar til rekneskapen for 2016. For 2017 er PWC revisor for Kyrkjerådet og bispedømeråda samla. Møre bispedømeråd følgjer dei rutinar som er fastsett i høve til revisjon.

Molde, 27. februar 2018

Ann-Kristin Sørvik
bispedømerådsleiar

Bjørn Olaf Storhaug
stiftsdirektør

Den norske kirke, enhet: Møre bispedømeråd					
Regnskap og budsjett pr desember 2017					
- tall i hele 1000					
Regnskap pr des 2017					
Den norske kirke	Tilskudd	Lønn	Drift	Kostnader	Inntekter
280 - Møre	-	75 284	8 048	83 332	-757
Årsbudsjett iht korr tildelingsbrev 2017					
Tilskudd	Lønn	Drift	Kostnader	Inntekter	
-	76 200	8 275	84 475	-585	
Ubrukte midler					
Tilskudd	Lønn	Drift	Kostnader	Inntekter	
-	916	227	1 143	172	
Regnskap pr des 2017					
Tilskudd	Trosopplæring	Diakoni	Domkirke/Gr 2 og 3	OVF/Annet	Sum
2804900 - Tilskudd	18 661	9 390	-	590	28 641
Årsbudsjett iht korr tildelingsbrev 2017					
Domkirke/					
Trosopplæring	Diakoni	Gr 2 og 3	OVF/Annet	Sum	
19 084	9 893	-	572	29 549	
Ubrukte midler					
Domkirke/					
Trosopplæring	Diakoni	Gr 2 og 3	OVF/Annet	Sum	
423	503	-	-18	908	
Regnskap pr des 2017					
Tilskudd	Trosopplæring	Diakoni	Domkirke/Gr 2 og 3	OVF/Annet	Sum
2804900 - Tilskudd	18 661	9 390	-	590	28 641
Årsbudsjett iht korr tildelingsbrev 2017					
Domkirke/					
Trosopplæring	Diakoni	Gr 2 og 3	OVF/Annet	Sum	
19 084	9 893	-	572	29 549	
Ubrukte midler					
Domkirke/					
Trosopplæring	Diakoni	Gr 2 og 3	OVF/Annet	Sum	
423	503	-	-18	908	



Meir himmel på jorda

Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande – open – tenande – misjonerande



Gudsteneste

Møte den treeinige Gud i forkynning, dåp og nattverd

Tene Gud

i bøn og vedkjønning, tilbeding og lovsong

Utvikle kristen tru og identitet gjennom eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap

Kyrkjemusikk og kultur

Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk

Gje rom for det skapande menneske

Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Misjon

Invitere til å følgje Jesus Kristus

Utruste kristne til å ta del i Jesu kall og oppdrag, lokalt og globalt

Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag

Diakoni

Be og vise omsorg for nesten

Skape møteplassar med låg terskel til fellesskap og sjelesorg

Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd

Undervisning

Gjere trua på den treeinige Gud kjent og erfart

Invitere til dåp og gje planmessig trusoppføring for alle døypte 0-18 år

Utruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne



Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap